

**Arkiv:** <arkivID><jplID> FA-U01, FE-223  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 31.08.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
036/22	Utval for næringsutvikling og drift	07.09.2022

### Søknad til næringsfondet - EG ER AS - EG ER Livsstil

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Søknad om tilskot til prosjektet *EG ER Livsstil* blir tildelt kr 30 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

#### Utval for næringsutvikling og drift 07.09.2022:

#### Handsaming:

Utvalet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

#### ND- 036/22 Vedtak:

Søknad om tilskot til prosjektet *EG ER Livsstil* blir tildelt kr 30 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

#### Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift.

#### Bakgrunn

EG ER AS er eit aksjeselskap. Bransje: 85.510 Undervisning innen idrett og rekreasjon. Registrert 26.02.2018. Kjelde: Proff.no

#### Saksopplysningar:

Verksemda held til på garden til søkjar på Ikeland. Her driv dei ei online treningsbedrift med medlemmar frå heile landet. På garden har dei gjort store investeringar og har blant anna bygt eige yogalokale i eit unikt drivhus. I drivhuset køyrer dei live-sendingar for medlemmar / ikkje medlemmar. Dei driv blant anna lydmeditasjon ved bruk av spesielle klanginstrument. På garden driv dei også med bier, kalkunar og planlegg marknadshage og reiskapshus.

#### Om prosjektet

Søkjar har fått godkjent søknad om å bygge et reiskapshus på garden (Ikeland 100). Her har dei planlagt blant anna slyngerom for honningproduksjon i 1 etasje, og i 2 etasje lager for treningsutstyr derunder yogamatter, bolster, styrkeutstyr, EG ER rekvisita. I tillegg vil 2.etasje bli brukt til lagring av bieutstyr og forhåpentlegvis eit lite kontor/redigeringsrom for treningsfilmar og kanskje toalett.

#### Prosjektleveranse/Målsetting

Målsetting er utvida drift av både treningstilbod og matvareproduksjon.

#### Prosjektøkonomi.

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
EG ER Livsstil	600 000	200 000	30 000

### Vurdering

Vurderinga tar utgangspunkt i Fondsvedtektene for Næringsfondet. Etter ei samla vurdering ligg prosjektsøknaden innanfor Næringsfondet sine kriterier ved at det viser til tiltak som stimulerer til vekst til eksisterande verksemdar og berekraftig utvikling.

### **Vedlegg i saken:**

16.06.2022	Soknad-2022-0024	1756257
16.06.2022	Skisse Redskapsbygg utvendig mot Nord og Vest	1756258
16.06.2022	Skisse Redskapsbygg Utvendig mot Oest	1756259
16.06.2022	Skisse Redskapsbygg 2 etasje	1756260
16.06.2022	Skisse Redskapsbygg 1 etasje	1756261